



Arkivnr: 2019/16102-1
Saksbehandlar: Kristine Angelsen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Utval for opplæring og helse | | 28.08.2019 |
| Fylkesutvalet | | 19.09.2019 |
| Fylkestinget | | 01.10.2019 |

Friskulelova- fylkeskommunen sin rolle ved sanksjonar

Samandrag

Fylkeskommunen har ei avgrensa rolle når det gjeld godkjente friskular i fylket. Etter friskulelova § 2-1 har vi uttalerett før departementet gjer vedtak om å godkjenne ein friskule, og vi kan klage på departementet sitt vedtak. Etter at ein skule er godkjent har fylkeskommunen andre oppgåver opp mot skulane og deira drift, men som vi ikkje går nærmare inn på i denne saka.

I følgje friskulelova § 7-2 er det departementet som skal føre tilsyn med godkjente friskular, noko som er delegert til Utdanningsdirektoratet. Vidare er det, etter § 7-2a, departementet som har heimel til å påleggje sanksjonar dersom det blir oppdaga forhold som strid med lovverket. Dette er også delegert til Utdanningsdirektoratet.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen 21.08.19

Fylkesrådmannen viser til møte i fylkestinget 12. juni 2019 og følgjande spørsmål frå Kollbotn (R): «Kva vil fylkesordføraren gjere andsynes Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet dersom kravet til Bergen Private Gymnas og Metis ikkje blir innfridd innan fristen 14. juni? Vil fylkesordføraren i so fall stø eit krav frå Raudt om at Utdanningsdirektoratet trekk attende godkjenning, slik friskolelova § 7-2a gir heimel for?»

Fylkeskommunen har ei avgrensa rolle når det gjeld godkjente friskular i fylket. Etter friskolelova § 2-1 har vi uttalerett før departementet gjer vedtak om å godkjenne ein friskule, og vi kan klage på departementet sitt vedtak. Etter at ein skule er godkjent har fylkeskommunen andre oppgåver opp mot skulane og deira drift, men som vi ikkje går nærmare inn på i denne saka.

I følge friskolelova § 7-2 er det departementet som skal føre tilsyn med godkjente friskular, noko som er delegert til Utdanningsdirektoratet. Vidare er det, etter § 7-2a, departementet som har heimel til å påleggje sanksjonar dersom det blir oppdaga forhold som strid med lovverket. Dette er også delegert til Utdanningsdirektoratet. Direktoratet kan etter denne føresegna påleggje retting, halde tilbake statstilskot, krevje tilbakebetaling av statstilskot eller trekkje attende godkjenninga. Vidare kan direktoratet i særleg alvorlege tilfelle påleggje karantene retta mot skulen eller den ansvarlege personen, jf. friskolelova § 7-2b.

Vi ser at det er grunn til å stille spørsmål til kravet frå Utdanningsdirektoratet til desse to friskulane. Som tilsynsrapportane viser har sakene gått føre seg over fleire år og det er eit høgt økonomisk krav. Fylkesrådmannen er likevel tilbakehalden med å krevje at Utdanningsdirektoratet trekk attende godkjenninga til dei to friskulane, sett i betraktning til den avgrensa rolla fylkeskommunen har når det gjeld godkjente friskular. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at fylkeskommunen kan instruere direktoratet eller departementet i ein slik sak.

Eit alternativ er at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis. I brevet til Utdanningsdirektoratet må det særleg leggjast vekt på å få ei tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene, deriblant å dra godkjenninga attende.